

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 02.01.2023
SAKSHANDSAMAR: Terje Arne Krokvik og Thomas Homme Pettersen
SAKA GJELD: **Gjennomføring av kapitalinnskot i helseføretaka**

ARKIVSAK: 2023/11
STYRESAK: 005/23

STYREMØTE: 15.02.2023

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Kapitalinnskotet tilsvarande 2 mrd. kroner blir fordelt til føretaka i tråd med inntektsmodellen, jf. styresak 129/19. Kapitalinnskotet blir som følgjer:

Helse Stavanger	572 mill. kroner
Helse Fonna	294 mill. kroner
Helse Bergen	900 mill. kroner
Helse Førde	234 mill. kroner

2. Kapitalinnskotet blir handtert i tråd med den praktiske gjennomføringa som kjem fram av denne saka.

Oppsummering

Helse Vest RHF har gjennom det samla budsjettopplegget lagt opp til positivt resultat over fleire år. Dette gir grunnlag for å kunne handtere risiko samt gi moglegheit til å gje interne lån til investeringar i helseføretaka.

Helseføretaka gjennomfører no store byggeprosjekt og har som følgje av dette tatt opp lån, både lån frå staten og interne lån frå Helse Vest RHF. Samtidig har Helse Vest RHF likvide midlar som kan nyttast til å redusere gjeldsbelastninga i helseføretaka og såleis redusere rentekostnaden til helseføretaka.

Det er derfor no ønskeleg å redusere gjeldsbelastninga i helseføretaka gjennom å foreta eit kapitalinnskott frå Helse Vest RHF til helseføretaka med totalt 2 mrd. kroner i 2023. Kapitalinnskottet blir fordelt etter inntektsmodellen og skal nyttast til å nedbetale allereie tildelte interne lån. Resten av kapitalinnskottet kan bli brukt til å nedbetale delar av gjeld på statslån som er gitt frå Helse Vest RHF til helseføretaka. Helse Vest RHF vil fortsett oppretthalde låna mot staten.

Administrerande direktør vil med basis i dette saksframlegget tilrå følgjande forslag til vedtak:

1. *Kapitalinnskottet tilsvarande 2 mrd. kroner blir fordelt til føretaka i tråd med inntektsmodellen, jf. styresak 129/19. Kapitalinnskottet blir som følgjer:*

<i>Helse Stavanger</i>	<i>572 mill. kroner</i>
<i>Helse Fonna</i>	<i>294 mill. kroner</i>
<i>Helse Bergen</i>	<i>900 mill. kroner</i>
<i>Helse Førde</i>	<i>234 mill. kroner</i>

2. *Kapitalinnskottet blir handtert i tråd med den praktiske gjennomføringa som kjem fram av denne saka.*

Fakta

Styret i Helse Vest RHF behandla i møte den 12.12.2019 sak 129/19 Handtering av likviditet til investeringar i Helse Vest – gjennomføring av kapitalinnskott. Det vart fatta følgjande vedtak:

1. *Gitt at dei store investeringsprosjekta på Vestlandet går etter planen, på tid, kost og kvalitet, tar Helse Vest RHF sikte på å gi eit kapitalinnskott på kr 2 mrd. til helseføretaka i år 2023-2025.*
2. *Kapitalinnskottet blir fordelt til helseføretaka i tråd med fordelinga i inntektsmodellen.*

3. *Det er ein føresetnad at helseføretaka nyttar kapitalinnskotet til å betale ned gjeld.*
4. *Vurderingane som er gjort i denne saka er med bakgrunn i dei føresetnadane som er lagt i den økonomiske langtidsplanen, jf. styresak 069/19. Eit kapitalinnskot i år 2023-2025 legg til grunn at dei økonomiske og finansielle føresetnadane blir innfridd. Dersom det skulle skje vesentlege endringar kan det være aktuelt å gjera ei ny vurdering av størrelsen på og tidspunktet for kapitalinnskotet.*
5. *I perioden fram mot år 2029 kan det gjerast ei ny vurdering av om RHF-et skal gjere ytterlegare kapitalinnskot for å understøtte ei jamn fordeling av likviditet i helseføretaka i tråd med inntektsfordelinga.*

I styresak 129/19 blei kapitalinnskotet på 2 mrd. kroner fordelt etter inntektsmodellen på dette tidspunktet. Det er denne fordelinga som helseføretaka har planlagt for og lagt til grunn i sine rulleringar av ØLP. Dette nivået blir difor oppretthaldt ved gjennomføring av kapitalinnskotet. Dette gir følgjande beløp pr. helseføretak:

- Helse Stavanger	572 mill. kroner
- Helse Fonna	294 mill. kroner
- Helse Bergen	900 mill. kroner
- Helse Førde	234 mill. kroner

Kapitalinnskotet skal nyttast til først å nedbetale interne lån gitt frå Helse Vest RHF til helseføretaka. Deretter kan kapitalinnskotet nyttast til å nedbetale lån gitt frå staten. Det er Helse Vest RHF som er den formelle låntakar på lån tildelt frå staten. Desse låna er vidareført på det einskilde helseføretak basert på ein fordeling eller konkret byggeprosjekt. Helse Vest som føretaksgruppe har behov for likviditeten knytt til desse statslåna og Helse Vest RHF vil derfor vidareføre låna sjølv om helseføretaka nedbetaler desse mot Helse Vest RHF.

Dette inneberer at det ikkje blir gjennomført ein likviditetstransaksjon som følgje av kapitalinnskotet, men at dette blir gjennomført som ein reduksjon av gjeld mellom Helse Vest RHF og det einskilde helseføretak. Helseføretaka vil som følgje av ein redusert gjeld og få ei lågare rentekostnad. Helse Vest RHF vil få ein tilsvarande lågare renteinntekt frå helseføretaka og må handtere dette innafor den samla inntektsramma.

Helseføretakslova gir ikkje konkrete føringar på formalkrav rundt handtering av kapitalinnskot frå det regionale helseføretaket til helseføretaka. Helse Vest RHF har eit heilskapleg ansvar for å fordele likviditet til helseføretaka, og administrerande direktør legg derfor til grunn at det er denne styresaka som blir lagt til grunn for gjennomføring av kapitalinnskot i helseføretaka.

Det blir med utgangspunkt i denne saka gjennomført føretaksmøter i helseføretaka der det blir protokollert at Helse Vest RHF vil gjennomføre eit kapitalinnskot med dei beløpa som er omtalt ovanfor. Kapitalinnskotet skal bokførast som annan innskoten eigenkapital og tilsvarande som reduksjon av lån.

Gjennomføring av kapitalinnskottet vil bli føretatt med verknad frå same dato som føretaksmøte i helseføretaka.

Praktisk gjennomføring

I tråd med nemnde føresetnader tilrår Helse Vest at kapitalinnskottet nyttast til å nedbetale følgjande låneavtalar fordelt på føretak:

Låneavtale	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
Serielån III-01	5 553 546	1 382 215	11 542 316	3 004 761
Serielån III-10			164 812 809	
Serielån III-14			167 544 875	
Annuitetslån III-15 Dagabygget				185 995 239
Bygg Haugesund - serielån		265 437 785		
Avtale 15/12-2011	22 500 000			
Nye SUS BT1 03/08-2022	521 946 454			
Avtale 23/04-2014	22 000 000			
Avtale 23/03-12		17 500 000		
Avtale 03/12-13		9 680 000		
Avtale 9/2-2015			33 600 000	
Avtale 23/11-2011			67 500 000	
Håkonsgaten 1			200 000 000	
Parkhjørnet			255 000 000	
Avtale 1/1-2018				45 000 000
Sum	572 000 000	294 000 000	900 000 000	234 000 000
Kapitalinnskott	572 000 000	294 000 000	900 000 000	234 000 000

*Tal i heile kroner

Låneavtalar som opphavleg vart tildelt fleire føretak samstundes blir vurdert som eit lån, sjå handteringa av Serielån III-01. Alle interne lån som føretaka har mot Helse Vest RHF blir nedbetalt. Resterande innskott blir nytta til å nedbetale dei langsiktige investeringslåna som utgjer den høgaste rentebelastninga for kvart enkelt føretak.

Etter gjennomført kapitalinnskott vil ny saldo på desse låna vere som følgjer:

Resterande saldo

Låneavtale	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
Serielån III-01	0	0	0	0
Serielån III-10			0	
Serielån III-14			487 533 998	
Annuitetslån III-15 Dagabygget				97 174 044
Bygg Haugesund - serielån		1 156 004 449		
Avtale 15/12-2011	0			
Nye SUS BT1 03/08-2022	83 053 546			
Avtale 23/04-2014	0			
Avtale 23/03-12		0		
Avtale 03/12-13		0		
Avtale 9/2-2015			0	
Avtale 23/11-2011			0	
Håkonsgaten 1			0	
Parkhjørnet			0	
Avtale 1/1-2018				0
Sum	83 053 546	1 156 004 449	487 533 998	97 174 044

Resterande saldo er oppgitt med utgangspunkt i IB 2023.

Konklusjon

Administrerende direktør tilrår å gjennomføre kapitalinnskotet på 2 mrd. kroner mot føretaka i tråd med dei føresetnader og fordelingar som kjem fram av denne saka.